

# **Innspel frå driftsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel**



Volda kommune

13.01.2016

# Notat frå møte i driftsstyret

Dette heftet er eit notat frå møte i driftsstyret 13.01.2016.

Arkivsak nr.: 2015/632

Volda kommune ynskte innspel frå driftsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel. 13. januar 2016 var planleggar frå kommunen til stede på eit driftsstyremøte og samla innspel frå utvalet. Utvalet bar bedne om å stille førebudd til møtet, og hadde fått tilsendt eit oppgåveark på førehand med spørsmål henta frå planprogrammet. Alle spørsmåla vart gjennomgått på møtet, og planleggar noterte stikkord undervegs. I tillegg vart notatarka til deltakarane samla inn.

I dette heftet er stikkord og notat samla. Under kvart spørsmål er nokre stikkord framheva med farga skrift. Her er det forsøkt å samle stikkord som vart framheva på møtet, eller som vart nemnd av fleire i notata.

## Innhald

Attraktivitet	s. 3
Busetting	s. 5
Volda i regionen	s. 7
Volda sentrum	s. 8
Folkehelse	s. 10
Klima og miljø	s. 11
Tenester	s. 12
Samfunnstryggleik	s. 13

### **Korleis sikre gode oppvekstvilkår?**

Stikkord: psykisk helse, gode barnehagar, førebyggjande arbeid, ungdomsklubb.

- Satsing på psykisk helse før det vert psykisk helse. Mykje av grunnlaget vert lagt i barnehagane. Ei satsing på sterke, gode kommunale barnehagar er viktig.
- Førebyggjande arbeid.
- Førebygging framfor reparering.
- Ved å arbeide for å oppretthalde nærskulane, nok ressursar til vedlikehald av skulebygg og nok personale til at kvart barn vert tatt vare på.
- Vi treng fleire leikeområde for barn.
- Barnehagedekning, arbeidsplass. Godt kulturtilbod; idrett - musikk.
- Ungdomsklubb.

### **Kva mål og visjonar har kommunen for næringsutvikling og verdiskaping?**

Stikkord: Kulturkommune - kulturnæring. Framstå som ein kommune for gründarar.

- Kultur og næring er noko vi bør sate på. Volda som kulturkommune, kulturnæring.
- Burde ha ein tilsett i kommunen som arbeida med kultur.
- Nytt kulturhus - eller godt samarbeid med andre kommunar om godt tilbod på kulturfronten.
- Framstå som ein kommune for gründere. Kulturnæringshagen viktig.
- Ein stad for å utvikle nye idear.
- Utvikle nye arbeidsplassar.

### **Kva næringar ynskjer kommunen å legge til rette for og satse på?**

Stikkord: Kulturnæringar.

- Kulturnæringar. Volda må satse vidare på at vi er ei kulturkommune.
- Næring knytt til kultur.
- Næring knytt til turisme.
- Næring knytt til landbruk.
- Fiskeri: fjordfiskarar må ha høve til sal av reker og fisk på kaia.

### **Korleis ta vare på og styrke landbruksnæringa?**

Stikkord: Vern om dyrka jord.

- Handheva vern om dyrka jord.
- Landbruksavdelinga kan legge til rette for lutbruk (andelslandbruk).
- Styrke bøndene i arbeide med å fjerne svartelista artar og ta vare på raudlista artar.
- Støtte bondens marknad.

### **Korleis utvikle transportsystemet?**

Stikkord: Voldatunnelen. Kopling mellom bumiljøa.

- Jobbe for å realisere Voldatunnelen. Viktig for voldasamfunnet og for å utvikle sentrum.
- Ikkje kopling mellom dei ulike bumiljøa i Volda tettstad. Burde vore enklare å kome seg frå Engeset - Klepp - Bratteberg. Det er planlagt slik, og kostbart å få til noko anna, men det er dumt.
- Legge betre til rette for miljøvenleg ferdsl.

## Korleis nytte naturen som ein ressurs?

Stikkord: [Lære barn å verte glad i naturen. Hindre gjengroing.](#)

- Lære barna å verte glad i naturen.
- Nytte naturen og biologisk mangfald som ein ressurs i opplæringa.
- Nytte natur og biologisk mangfald som læringsarena.
- Mosjon er viktig for psykisk helse, ta barna med ut, lære dei å verte glad i naturen. Knytte sterkare familieband.
- Friluftsliv og naturen er ein viktig grunn til at folk er her. Ein god bu- og læringsarena.
- Legge til rette for friluftsliv.
- Tilby fellesturar, godt merka stiar, slik at det er lett å ferdast i naturen.
- Halde fram med god forvaltning av hjortestammen.
- Fiskeressursar må sikrast ved at fiskeoppdrett kjem inn i lukka anlegg.
- Bondestanden må arbeide for at ikkje naturen gror igjen.

## Korleis ta vare på og utvikle gode idretts-, kultur- og fritidstilbod?

Stikkord: [Vidareutvikle området kring skateparken og stadion. Kulturhus.](#)

- Jobbe fram eit nytt kulturhus.
- Fullføre og vidareutvikle området kring skateparken og stadion/mørehallen.
- Betra hallkapasitet. Samarbeide med dei frivillige og private om å få slikt på plass. Viktig med ein person som jobbar konkret med dette i kommunen.
- Ha gode trenere, inspiratorar, gode lokalar, prøve nye idrettsgreinar. God informasjon om dei forskjellige tilboda.
- Legge til rette for at frivillige organisasjonar får gode vilkår.
- Vidare satsing på frivilligsentralen.
- Utfordre høgskulen til å bidra til kulturformidling til innbyggjarane.

## Korleis nytte innvandrarar som ressursar i lokalmiljøet og sikre god integrering?

Stikkord: [Møteplassar. Arbeidsliv, norskopplæring, lågterskeltilbod. Barnehagar gode arenaer for å lære språk.](#)

- Legge til rette for at innvandrarar kan få presentere seg sjølv og kva dei kan på ulike arenaer.
- Viktig i kulturkommunen Volda.
- Bidra med møteplassar.
- Ut i arbeidslivet tidleg.
- Samarbeide med lokale bedrifter.
- Fleire læreplassar i kommunen.
- Lågterskeltilbod.
- Støtte arbeidet med "fargespel"-prosjektet.
- Frivilligsentralen og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Det må opprettast arenaer for frivillig arbeid i gjenbruksbutikkar, idrettslag, reparasjonsverksemder, renovasjons- og ryddegrupper administrert av VØR, og kulturarrangement gjennom frivilligsentralen.
- Ta dei med på frivillig arbeid. Bruke dei i barnehage - skule - fritid - idrett - ungdomsklubb - og på den måten lære dei språk om vår kultur - vere saman med dei.
- Vi må halde på læringscenteret her i kommunen.
- Godt tilbod om norskopplæring.
- Barnehagane er veldig viktige og gode arenaer for ungar å lære seg norsk. Språkpraksis tidleg er viktig.
- Initiere og støtte prosjekt, t.d. "fargespel".
- Kommunalt asylmottak!
- Haldningsskapande arbeid.

### **Kva slags strategi skal kommunen ha for busetting?**

Stikkord: **Legge til rette for busetting både sentralt og i grendene.**

- Attraktive bustadfelt på bygdene.
- Legge rette til busetting på bygdene. Billige tomter på bygdene. Større og med god plassering.
- Tilrettelegging for tomter, variert tilbod, også i utkantar.
- Spele på fordelane ved å bu utanfor sentrum. Forutsigbarheit for dei som bur der.
- Lempe på krav for å få folk til å bu på bygdene.
- Fleksibilitet i jordvernet på bygda, strengt i sentrum.
- Vere liberal i politikken når ein regulerar. Ikkje nekte frådeling.
- Legge til rette for busetting både sentralt og i grendene. I bygdesentra skal arbeid, skule, aktivitetar og butikkar kunne nåast til fots innan 10-15 minutt.
- Det er behov for bustadar.

### **Kva type bustadar er det behov for, og kvar?**

Stikkord: **Ulike typar bustadar i sentrum. Fleire attraktive tomter på bygdene. Kommunale bustadar på bygdene.**

- Fleire er oppgjidde over at det er vanskeleg for privatpersonar å få tak i tomter i og også til ein viss grad alle-reie oppførte einebustadar. Skal vi få tak i den beste arbeidskrafta må dei ha moglegheit til å få seg eit hus i sentrum.
- Einebustadar - og tomannsbustadar, mindre einingar i sentrum.
- Familieboligar i sentrumsnære områder. Om mulig motarbeide at slike husvære vert gjort om til hybelhus.
- Kollektiv for studentar.
- Eldre bur sentralt.
- Kommunale bustadar på bygdene.
- Fleire tomter på Lid - tomtene som er lagt ut er ikkje gode. Dårleg utsikt. Vere fleksibel, ikkje måtte bygge nedst i feltet fyrst - kunne begynt øverst.

### **Korleis sikre god og variert tilgang på bustadar og tomter?**

Stikkord: **Sikre variasjon i nye bustadfelt.**

- Når nye bustadfelt skal opparbeidast kan ein sette krav til ein andel utleigebustadar (kommunale) og variasjon i størrelsen.

### **Korleis legge til rette for gode bumiljø?**

Stikkord: **Kommunen bør regulere nye bustadfelt sjølv. Styrke grendalaga. Trygge trafikale forhold. Leikeplassar.**

- Kommunen bør i større grad sjølv regulere ledig tomteareal. Kommunen regulerte meir sjølv tidlegare, det vart betre enn når private regulerar. Må sei nei til private som vil regulere.
- Klargjere og tilretteleggje tomter, vann, kloakk, tilkomst.
- Styrking og vidare satsing på fungerande grendalag både på bygdene og i sentrum.
- Langsiktig tenking. Veg før bygging, trygge skuleveggar. Infrastruktur må vere på plass fyrst.
- Trygge skuleveggar med høge gangfelt.
- 30- og 40-soner innanfor dagens s50- sone.
- Betre sykkelveggar.
- Kartlegge, oppruste og skilte snarveggar.
- Lage leikeplassar, samlingsplassar, grøntanlegg. God planlegging.
- Sikre "grøne lunger", leikeareal og gode, trygge trafikale forhold i reguleringsarbeidet.

## **Korleis få unge som flyttar ut til å kome tilbake?**

Stikkord: **Tilgjengelege arbeidsplassar og bustadar.**

- Legge til rette for fleire arbeidsplassar og bustadar. Ikkje for høge bustadpris.
- Tilgang på varierte boligar.
- Kulturell utvikling.
- Varierte arbeidsplassar.

## **Korleis sikre ein god leigemarknad?**

Stikkord: **"Frå leige til eige".**

- Få i gang prosjekt som "frå leige til eige", for å sikre gjennomstrømming i leigebustadar.
- Ikkje for høge leigeprisar.

### **Korleis styrke Volda og Ørsta som eit regionalt funksjonsknutepunkt?**

Stikkord: **Skape ei "vi"-kjensle i Volda-Ørsta.**

- Viss vi slår oss saman med Ørsta vil vi snakke ei stemme utad. Nå snakkar vi med to stemmar.
- Skape ei "vi"-kjensle i Volda-Ørsta. I retorikken. Både administrasjonen, politikarar og innbyggjarane må snakke om Volda og Ørsta som eit "vi". At vi er eit kraftpunkt. Uavhengig samanslåing.
- Samarbeid med andre kommunar.

### **Korleis trekkje ut synergjar frå kommunereformprosessen?**

Stikkord: **Funksjonssamarbeid.**

- Funksjonssamarbeid.
- Mykje samarbeid allereie, men sannsynlegvis fleire stadar det kunne vore moglegheit til det. Teknisk, økonomi, personalsystem mv.

### **Korleis ta vare på, utvikle og utnytte sjukehuset, høgskulen, kommunen og andre institusjonar som ressursar?**

Stikkord: **Dra veksler på kompetanse.**

- Initiere kompetanseformidling. Dra veksler på kompetanse. Bruke ressursar om kvarandre. Foredragshaldarar. Systematisere dette, få eit system på det slik at det fungerer i praksis. Har ikkje etablert dei kanalane som må til. Mykje er på plass - det er ikkje heilt dødt.
- Utredningsarbeid.

### **Korleis styrke og bevare kultur- og naturverdiar?**

Stikkord: **Styrke kulturavdelinga? Samarbeide med frivillige. Bøndene viktige. Kvifor to bibliotek?**

- Styrka kulturavdeling i kommunen.
- Eiga stilling som kultursjef.
- Samarbeid med dei frivillige. Det er noko vil kan selje oss på.
- Kommunen har ikkje styring på kulturarbeidet i kommunen, men det er kanskje ikkje naudsynt heller. Det er ikkje noko problem i praksis, det er veldig mykje kulturliv likevel.
- Kommunen bør vere positive til arrangement og anna kulturliv ved å gi pengestøtte m.v.
- Kulturverdiar: Gi frivillig arbeid gode vilkår.
- Kvifor har vi to store bibliotek i Volda, så nær kvarandre? Burde vore eit samla.
- Konsertlokale.
  
- Gode premisser for dei bøndene me har att.
- Bøndene er viktige, det er avgjerande at nokon driver.
- Fiskeoppdrett inn i lukka anlegg.
- Naturverdiar: streng forvaltning av retningsliner frå Miljødirektoratet.

### **Andre innspel til tema Volda i regionen:**

Stikkord: **Samarbeid med fylket.**

- Samarbeidet med fylket burde vore sterkare. Fylket er premissgjevar i mange saker, t.d. ang. skuleskyss i Austefjorden. Statsbygg har lagt ned mykje pengar og ressursar i Volda. Fylket burde vore meir samarbeidsvillige.

### **Kva mål og visjonar har vi for Volda sentrum?**

Stikkord: **Møtestad for alle innbyggjarane, også for dei på bygdene.**

- Visjonen må vere at det skal vere eit sentrum for heile Volda kommune. At alle kjenner seg heime her. Meir enn no. Litt tendens på bygdene at Ørsta er like mykje deira sentrum.
- Møtestad for alle innbyggjarane i kommunen.
- Korleis kan vi få folk til å vere i Volda sentrum, berre for å vere?
- Volda sentrum skal vere ein attraktiv stad å stoppe. Må finne ting her som ein ikkje finn andre stader. Må få folk til å ha lyst til å gå og sjå. Godt utval av butikkar.
- Voldatunnelen vil kanalisere folk utanom sentrum, korleis få folk til å stoppe her?
- Ta vare på trehusa, skape møteplassar for kulturarrangement og gode vilkår for handelsnæringa.

### **Kva element er viktige for Voldas særpreg og identitet?**

Stikkord: **Skulene. StudiebygdA. Kulturbygda.**

- Skule. Gamlegymnaset med hus og hage.
- Kyrkja, skulebygningane, Garvarbuda.
- StudiebygdA.
- Kulturbygda.
- Studibygd og kulturbygd. Må ikkje kastast på båten. Må bevarast, kjem aldri til å verte ein industribygd.
- Hamna og bygningane rundt den.

### **Korleis gjere Volda sentrum attraktivt?**

Stikkord: **Trafikken i Hamnegata. Mellom bygningane i Volda. Levande torg. Huseigarar har eit ansvar.**

- Utgreie Hamnegata som miljøgate. Senka farta på trafikken og heve gangfelta.
- Lage gangsti frå fergekaia til Munken badeplass.
- Mindre trafikk. Grønare område. Tungtransport. Folk parkerer rett utanfor butikkane.
- Gjennomføre og vidareutvikle prosjektet "Mellom bygningane i Volda".
- MBV er bra.
- Fleire grøne lungar med sitjeplassar.
- Fullføre planane for Sivert Aarflot-plassen.
- Torget burde vore meir levande. Bondens marknad på Sivert Aarflotplassen.
- Må vere attraktivt for barn, ungdom, vaksne. Må ha varierte aktivitetar.
- Huseigarar i sentrum har eit stort ansvar.
- Trivsel og livskvalitet, gangavstand til sentrale funksjonar.

### **Korleis få til gode samarbeidsavtalar mellom fylkeskommune, kommune, næringsliv og frivillige?**

Stikkord: **Få til noko som gir resultat; det vil ha ein smitteeffekt. Samarbeide om ein studentkafé i sentrum.**

- Få til noko som gir resultat; det vil ha ein smitteeffekt.
- Meir mot frivillige lag og organisasjonar. Dei kan søke fond, legat mv. Om dei får midlar manglar det ikkje på idear. Men dei kan ikkje alltid vente på at kommunen skal ta initiativ, dei må ta initiativ sjølv. Det vert ofte betre resultat også om initiativet kjem nedanfrå.
- Dialogarenaer.
- Studentar og næringslivet burde samarbeide om ein kafé, t.d. bak Hamnekvartalet. Småting kan gjere mykje for sentrum, treng ikkje vere så kostbart.



## **Korleis utvikle sentrumsområde med forankring i lokal identitet og tilhøyrse?**

Stikkord: **Bruke frivillig organisasjonar som høyringsinstansar.**

- Bruke frivillig organisasjonar som høyringsinstansar. Ved utbygging. Historiene bak fyrbygging, båtbygging, nynorsken, avishistoria, skulen må vise alt i sentrumsbiletet.
- Styrke frivillige enkeltpersonar og organisasjonar sine muligheiter til å drive formidling. Døme: historisk vandring som program på "Forskingsdagane".
- Legge til rette for møteplassar ute og inne.

### **Andre innspel til tema Volda sentrum:**

- Legge til rette for sentrumsfortetting både for bolig- og næringsbygg.

### **Korleis førebygge psykisk uhelse, spesielt blant unge jenter?**

Stikkord: [Helsestasjonen viktig. Kompetanse i barnehage og skule. Nye yrkesgrupper inn i skulen.](#)

- Gode, trygge oppvekstmiljø. Tidleg innsats. Satsing frå barnehagealder.
- Helsestasjonen veldig sentral tidleg - førebyggjande.
- Nok ressursar og kompetanse i skulen og helsestasjonen. Viktig at lærarar kan fange opp unormal utvikling.
- Nye yrkesgrupper (sosialfagleg) inn i skulen (t.d. sjukepleiar, barnevern, psykolog, sosionom).
- Godt samarbeid skule - helsesøster - heim. Samarbeid institusjonar.
- Vere obs på klima i klassen - mobbing.
- Auka informasjon på ungdomstrinnet.
- Ha eit godt tilbod for barn - musikk, idrett, ungdomsklubb. Jentesamlingar.

### **Korleis førebygge overvekt, spesielt hos barn og unge?**

Stikkord: [Helsesøstertilbod på skulene. nærheit til uteområde, aktivitet i skuletida.](#)

- Nærheit til attraktive uteområde, uteaktivitet i skuletida.
- Auke fysisk aktivitet på skulen. Eit stort mangfald i aktivitetstilbod på fritida.
- Styrke arbeidet til helsestasjonen. Helsesøstertilbod på skulene, lågare terskel enn helsestasjonen.
- Etablere skulehagar. God informasjon om sunn mat.

### **Korleis legge til rette for gode oppvekst- og levekår?**

Stikkord: [God kompetanse i barns oppvekstmiljø. Trafikktrygging. Ungdomsklubben.](#)

- Rekruttere godt kvalifisert personale i skule, barnehage- og helsestasjon.
- Trafikktrygge bumiljø, gode nærskular.
- Ungdomsklubben viktig, eit etablert, trygt og kjent tilbod. Veit kven som driv det. Må vere stabilt.

### **Korleis førebygge mobbing, einsemd, angst, rus og livsstilssjukdomar?**

Stikkord: [Kampanjearbeid på skulene. Helsesøster.](#)

- Kan ha ulike kampanjar på skulene, på ungdomsskule/vidaregåande. MOT; eit tidlegare tiltak på ungdomsklubben for å førebyggje rus, mobbing, mistriksel o.a. Har også andre alternativ til dette; Lions Quest/dette er mitt valg, VIP ("veiledning og informasjon om psykisk helse i skulen"), skuleprogrammet FRI ol.
- Helsesøster i ungdomsskulen.

### **Korleis legge til rette for fysisk aktivitet i kvardagen?**

Stikkord: [Beta hallkapasitet. Informasjonsarbeid.](#)

- Beta hallkapasitet, samt sikre lågterskeltilbod utan vinnekultur i samarbeid med dei frivillige laga.
- Informasjonsarbeid.
- Gjere det lite attraktivt å bruke bil ved å minimere bygging av parkeringsplassar. Kartlegge, utbetre, namngi og skilte snarvegar for ferdsel til fots. Fullføre arbeidet med turvegar (Rotsetvatnet, Mork, Klepp - Reset).
- Vidareutvikle Årneset.

### **Korleis styrke innbyggjarane sin livskvalitet?**

- Skape nye møteplassar for sosiale og fysiske aktivitetar.

### **Korleis gjennomføre tiltak for å betre miljøet og redusere klimagassutslipp?**

Stikkord: **Kjeldesortering. Klimaplan. Grøn finansforvaltning.**

- Kjeldesortering av matavfall.
- Gjennomføre den vedtekne klimaplanen.
- Grøn finansforvaltning. Til dømes Eid. Fond: vere bevisst kvar vi legg inn pengane våre.
- Kommunale køyrety skal vere utsleppsfrie.
- Følgje tiltak skisserte i vannportalen.no.

### **Kva strategi har vi for ein berekraftig arealbruk?**

Stikkord: **Ta vare på matjord. Økologisk landbruk.**

- Unngå utbygging på matjord, bevare viktige biotopar og blomsterenger.
- Støtte økologisk landbruk.

### **Korleis legge til rette for miljøvenleg transport?**

Stikkord: **Sykkelveg Volda-Ørsta. Nattferje. Nullutslepp på ferjene. Venterom og toalett på busshaldeplassen.**

- Sykkelveg mellom Volda og Ørsta bør realiserast.
- Ferdigstille sykkelveg mellom Volda og Ørsta.
- Redusere biltrafikk; bruke andre framkomstvegar som sykkelstiar Ørsta/Volda.
- Kommunale køyrety skal vere utsleppsfrie.
- Styrke ferjetransporten som kollektivtransport. Nattferje.
- Arbeide for at ferjekonsesjonane skal ha krav om nullutslepp.
- Styrke kollektivtransport. Få venterom og toalett på busshaldeplassen. Hyppigare avgangar Ringruta.
- Vidareutvikle busshaldeplassen med venterom og toalett. Varmt og trygt.
- Rimelig og godt utbygd kollektivtransport.

### **Korleis ta vare på naturen som ein ressurs?**

Stikkord: **Kulturlandskapet må takast vare på. Hindre attgroing. Ikkje byggje ut alle fossefall.**

- Verne om kulturlandskapet. Samarbeid med bønder og dei frivillige.
- Må ta vare på kulturlandskapet, det må ikkje gro igjen. Legge til rette for at turistar kan sjå noko ut av vindauga når dei køyrer gjennom kommunen vår, ikkje berre "grøne og svarte tunnelar".
- Viktig med tanke på satsing på reiseliv i kombinasjon med satsinga på Volda som kulturkommune.
- Leggje til rette for turgåarar.
- Verne om attverande fossefall i kommunen.
- Fossefall - kva fossefall er det greitt å byggje ut, kva vil vi ta vare på? Ikkje byggje ut alle.

### **Korleis ta vare på det biologiske mangfaldet?**

Stikkord: **Fjerne svartelista artar. Dyrke marka.**

- Kommunen må organisere eit systematisk arbeid med fjerning av svartelista arter.
- Styrke moglegheiter for bøndene til å dyrke meir mark.
- Jordvern.
- Informasjon.

### **Korleis sikre tilfredsstillande dekningsgrad og standard på kommunale velferdstenester innanfor økonomisk handlingsrom?**

Stikkord: **Utvikle eigne tenester utan å konkurranseutsette. Stor nok grunnbemanning.**

- Utvikle eigne tenester utan å konkurranseutsette. Hamna eit godt døme. Kan faktisk tene/spare pengar på å gjere ting sjølv.
- Førebygging og handlingsskapande arbeid.
- Forutsigbarheit. Vere framfor problema. Stor nok grunnbemanning.
- Samarbeide med pårørande, interesseorganisasjonar og fagforeiningar. Utnytte ordningar gjennom husbanken for bustader til hjelpetregande.

### **Korleis skape kultur for innovasjon?**

Stikkord: **Brukarmedverknad. Samarbeide med høgskulen.**

- Auka medverknad frå brukargrupper.
- Fokus på brukarmedverknad. Kan skape (og spare) mykje ved å ta seg tid til å spørje brukarane.
- Høgskulen har eit større fokus på samhandling med næringslivet i fylket. Følgje med på kva som skjer her, og delta i dette arbeidet.

### **Korleis møte framtidige krav til omstilling og effektivisering?**

Stikkord: **Kompetanseheving tilsette.**

- Det nyttast lite ressursar på kompetanseheving i kommunen. Lite kursbudsjett. Burde vore høgare. Fagleg påfyll for tilsette viktig.
- Kompetanseheving mellom kommunalt tilsette.

### **Korleis møte forventade auka press på kommunale tenester?**

- Framleis halde på eigedomsskatt.

### **Kva tenester er Volda kommune gode på?**

Stikkord: **Skule, einslege mindreårige, barnehagedekning, eldreomsorg.**

- Skule; høyrer det ulike plassar. Har godt rykte.
- Einslege mindreårige (sjølv sagt mange utfordringar her, men i forhold til parametre scorar Volda høgt).
- Barnehage. Barnehagedekning.
- Eldreomsorg - heimehjelp. Generelt pleie og helse.
- Eldreomsorg. Besøkar alle over 80 år; det er veldig bra. Her har Volda gått foran.
- EM-arbeid.

### **Kva tenester bør vi verte betre på?**

Stikkord: **Større stillingar.**

- Bør har større stillingar, færre deltidsstillingar. Det er betre og billigare for kommunen.

### **Korleis arbeide for eit godt omdøme?**

- Ha gode arbeidsvilkår, trivsel på arbeidsplassen.

### **Kva mål og strategiar skal kommunen ha for arbeidet med samfunnstryggleik?**

Stikkord: **Korleis ta vare på framtidig befolkning? Velferdsteknologi.**

- Forventa mykje eldre folk i framtida; er vi klare for å "ta i mot" så mykje eldre folk? Omsorgsplassar, økonomi o.a.
- Satse på velferdsteknologi; så folk kan bu heime så lenge som mogleg.

### **Korleis skal kommunen leggje til rette for tryggleik for innbyggjarane?**

Stikkord: **Belysning. Refleksar.**

- God belysning på skulevegar.
- Dele ut refleksar - god kultur.

### **Korleis skal kommunens beredskapsorganisasjon drivast og vedlikehaldast?**

Stikkord: **Heimevern og sivilforsvaret. Kriseteam.**

- Viktig for kommunen at heimevernet og sivilforsvaret fungerer.
- Viktig med gode kriseteam v/tragediar både på bygdene og i sentrum.
- Omsorgsberedskapsgruppe og krisestab i kommunen; sjår ut som om det fungerer godt.

